

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

23.11.2017

## **OPPSTART AV FORVALTNINGSREVISJON – FRÅFALL I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING**

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet 06.11.2017, i sak 2017/13387-8, starta opp ein forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med prosjektet er å undersøke i kva grad fylkeskommunen arbeider systematisk for å førebygge og redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Under dette i kva grad årsaker til fråfall blir identifisert og i kva grad tiltak for å redusere fråfall blir sett i verk på både system- og individnivå.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, føreliggande statistikk, intervju og spørjeundersøking for å få informasjon om kommunen sitt arbeid innanfor det aktuelle området.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen:

1. Oversikt over fråfall blant elevar ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen for skuleåret 2015/2016, 2016/2017 og hittil i skuleåret 2017/2018
2. Oversikt over fråfall blant lærlingar i Hordaland for skuleåret 2015/2016, 2016/2017 og hittil i skuleåret 2017/2018
3. Eventuelle fylkeskommunale planar, retningslinjer, rundskriv, målsettingar og vedtak som omhandlar arbeid med førebygging av fråfall i vidaregåande opplæring, under dette identifisering og oppfølging av elevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall
4. Tilstandsrapport (skuleeigar sin årlege rapport om tilstanden i opplæringa) for dei 2 siste år
5. Beskriving av, og eventuelle rutinar for, korleis fylkeskommunen registrerer sluttårsaker innanfor vidaregåande opplæring
6. Eventuelle gjennomførte analyser av årsaker til fråfall blant elevar i vidaregåande skule og/eller lærlingar
7. Eventuell rapportering frå skulane til Opplæringsavdelinga knytt til arbeid retta mot førebygging av fråfall i vidaregåande opplæring
8. Eventuelle rutinar/prosedyrar fylkeskommunen har utarbeidd for å førebygge fråfall, t.d. i samband med kartlegging og iverksetjing av tiltak
9. Eventuelle interne og eksterne evalueringar som er gjort av tiltak retta mot førebygging av fråfall ved vidaregåande skular
10. Eventuelle retningslinjer/rutinar for å nytte erfaringsdeling og «beste praksis» i arbeid med etablering av tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring
11. Rutinar for oppfølgingstenesta (OT) sitt arbeid og oppfølging av elevar
12. Eventuelle rutinar for samhandling mellom OT og skular
13. Eventuelle evalueringar av oppfølginga og dei ulike tilboda som OT tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall
14. Eventuelle retningslinjer/rutinar for involvering av elevane sjølv og foreldre i planlegging og gjennomføring av arbeid retta mot førebygging av fråfall
15. Anna relevant dokumentasjon som fylkeskommunen meiner kan bidra til informasjon om arbeid retta mot å førebygge fråfall i vidaregåande opplæring

I tillegg ber revisjonen om ei kort skildring av følgjande:

16. Ansvarsdeling for oppfølging og tiltak ovanfor elevar i vidaregåande opplæring som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall
17. Oppfølging og tilbod som oppfølgingstenesta (OT) tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen innan 13.12.2017. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta ikkje eksisterer ber vi om at dette blir eksplisitt opplyst om i tilbakemeldinga, og at fylkeskommunen ev. gir ei kort skildring av praksis i staden.

Vi ber om at fylkeskommunen peikar ut ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument, bistand til gjennomføring av spørjeundersøking og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Marit Brochmann på tlf. 996 49 078, eller per e-post til [mbrochmann@deloitte.no](mailto:mbrochmann@deloitte.no)

Med venleg helsing  
Deloitte AS

Marit Brochmann  
Prosjektleder